



Saksmappe: 2022/374
Sakshandsamar: SLS
Dato: 24.10.2024

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
114/24	Kommunestyret	05.11.2024
134/24	Kommunestyret	12.12.2024
47/24	Rådet for eldre og funksjonshemma	25.11.2024
44/24	Bygland ungdomsråd	25.11.2024
109/24	Plan, miljø- og ressursutvalet	26.11.2024
67/24	Levekårsutvalet	27.11.2024
96/24	Formannskapet	28.11.2024

Vedtak om høyring av planforslag for kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommunedirektøren si innstilling:

Forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel blir sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn jf. plan og bygningslova § 11-14.

Kommunestyret si handsaming av sak 114/2024 i møte den 05.11.2024:

Handsaming:

Saka vert utsatt til neste kommunestyremøte
Samrøystes

Vedtak:

Saka vert utsatt til neste kommunestyremøte

Kommunestyret si handsaming av sak 134/2024 i møte den 12.12.2024:

Handsaming:

Endringsframlegg frå AP/SP:

side 22 nytt kulepunkt etter kulepunkt nr. 5:

Etablering av (enkeltstående) lågstandard hytter bygd med minst mogleg klimaavtrykk og naturinngrep, kan bli vurdert i LNF-område som ligg mindre enn ein kilometer frå tyngre tekniske inngrep (inngrepsnær natur).

Røysting: Samrøystes

Høgre fremmer følgende endringsforslag:

Følgende formulering tas med som kulepunkt på side 22 i utkastet til kommuneplanens samfunnsdel: «Det skal ikke etableres vindkraftverk eller avsettes areal til dette i Bygland kommune».

Røysting: Forslaget fekk 7 røyster (H/PP) og vart ikkje vedteke

Høyre har følgende alternative innstilling i saken:

Planforslag til kommuneplanens samfunnsdel legges snarest mulig frem på nytt for kommunestyret for vedtak om høring, der følgende bes ivarettatt:

1. Forankring av arbeidsgiverstrategien
2. Saksutredningen hensyntar innstillingen fra PMR 26/11-24.

Røysting: Høgre sitt alternative forslag fekk 6 røyster (H) og vart ikkje vedteke

Formannskapet si innstilling med endringsframlegg (AP/SP) blei samrøystes vedteken

Vedtak:

1. Punkt C første avsnitt side 14 «At 80% av nybygging og utvikling skal skje i nærleiken av sentrum» fjernast.
2. Nytt punkt første avsnitt side 14: Å handheve buplikt strengt.
3. Punkt B side 16: ordet «blågrøne» byttast ut med «naturgjevne».
4. Ny setning første av avsnitt side 20: «For å lukkast med ein langsiktig berekraftig økonomi, må ein snu alle steinar for å sjå på muligheter for både å redusere utgifter og auke inntekter.»
5. Ny setning andre avsnitt side 20: «Kalde hender, som merkantile og administrative stillinger, og sakshandsaming har geografisk fleksibilitet, medan varme hender, som tenesteyting, omsorg og sikkerhet for innbyggjarane må lokaliserast nær folk.
6. Side 22 kulepunkt 1: Stryk «i begge sentrum.»
7. side 22 kulepunkt 2: Stryk «i tilknytning til sentrum»
8. Side 22 nytt kulepunkt etter kulepunkt nr. 5: Etablering av (enkeltstående) lågstandard hytter bygd med minst mogleg klimaavtrykk og naturinngrep, kan bli vurdert i LNF-område som ligg mindre enn ein kilometer frå tyngre tekniske inngrep (inngrepsnær natur).

Bolig sosial arbeid. Samfunnsdel side 14: Forslag til endring av punkt E:

- Å bistå vanskelegstilte på bustadmarknaden med å skaffe og behalde passande bustader, samt styrke og rettleie kvar einskild moglegheiter for å mestre buforholdet sitt.

Rådet for eldre og funksjonshemma si handsaming av sak 47/2024 i møte den 25.11.2024:

Handsaming:

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteken

Uttale/vedtak:

Forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel blir sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn jf. plan og bygningslova § 11-14.

Bygland ungdomsråd si handsaming av sak 44/2024 i møte den 25.11.2024:

Handsaming:

Saka vart handsama i samråd med Rådet for eldre og funksjonshemma.

Sonja Lien Skjevraak orienterte om planforslaget. 3 satsingsområdet: Eit attraktivt og robust samfunn, eit meir variert næringsliv og kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida.

Uttale/vedtak:

Ungdomsrådet har ingen innspel til planen.

Plan, miljø- og ressursutvalet si handsaming av sak 109/2024 i møte den 26.11.2024:**Handsaming:**

PMR si innstilling til kommuneplanens samfunnsdel.

1. Punkt C første avsnitt side 14 «At 80% av nybygging og utvikling skal skje i nærleiken av sentrum» fjernast.
2. Nytt punkt første avsnitt side 14: Å handheve buplikt strengt.
3. Punkt B side 16: ordet «blågrøne» byttast ut med «naturgjevne».
4. Ny setning første av avsnitt side 20: «For å lukkast med ein langsiktig berekraftig økonomi, må ein snu alle steinar for å sjå på muligheter for både å redusere utgifter og auke inntekter.»
5. Ny setning andre avsnitt side 20: «Kalde hender, som merkantile og administrative stillinger, og sakshandsaming har geografisk fleksibilitet, medan varme hender, som tenesteyting, omsorg og sikkerhet for innbyggjarane må lokaliserast nær folk.
6. Side 22 kulepunkt 1: Stryk «i begge sentrum.»
7. side 22 kulepunkt 2: Stryk «i tilknytning til sentrum»
8. Side 22 nytt kulepunkt etter kulepunkt nr. 5: "Ein ynskjer å tilrettelegge for lågstandard hytter bygd med minst mogleg klimaavtrykk og naturinngrep bygd i områder definert som inngrepsnær natur."

Samrøystes

Vedtak:

1. Punkt C første avsnitt side 14 «At 80% av nybygging og utvikling skal skje i nærleiken av sentrum» fjernast.
2. Nytt punkt første avsnitt side 14: Å handheve buplikt strengt.
3. Punkt B side 16: ordet «blågrøne» byttast ut med «naturgjevne».
4. Ny setning første av avsnitt side 20: «For å lukkast med ein langsiktig berekraftig økonomi, må ein snu alle steinar for å sjå på muligheter for både å redusere utgifter og auke inntekter.»
5. Ny setning andre avsnitt side 20: «Kalde hender, som merkantile og administrative stillinger, og sakshandsaming har geografisk fleksibilitet, medan varme hender, som tenesteyting, omsorg og sikkerhet for innbyggjarane må lokaliserast nær folk.
6. Side 22 kulepunkt 1: Stryk «i begge sentrum.»
7. side 22 kulepunkt 2: Stryk «i tilknytning til sentrum»

8. Side 22 nytt kulepunkt etter kulepunkt nr. 5: "Ein ynskjer å tilrettelegge for lågstandard hytter bygd med minst mogleg klimaavtrykk og naturinngrep bygd i områder definert som inngrepsnær natur."

Levekårsutvalet si handsaming av sak 67/2024 i møte den 27.11.2024:

Handsaming:

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteken med fylgjande tilleggsforslag:

Forslag fra AP /SP:

Bolig sosial arbeid.

Samfunnsdel side 14:

Forslag til endring av punkt E:

- Å bistå vanskelegstilte på bustadmarknaden med å skaffe og behalde passande bustader, samt styrke og rettleie kvar einskild moglegheiter for å mestre buforholdet sitt.

Vedtak:

Forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn jf. plan og bygningslova § 11-14. Vedteke tillegg blir lagt til høyringsdokumentet.

Bolig sosial arbeid.

Samfunnsdel side 14:

Forslag til endring av punkt E:

9. Å bistå vanskelegstilte på bustadmarknaden med å skaffe og behalde passande bustader, samt styrke og rettleie kvar einskild moglegheiter for å mestre buforholdet sitt.

Formannskapet si handsaming av sak 96/2024 i møte den 28.11.2024:

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå AP/SP:

1. Felles forslag fra AP og SP til Samfunnsplanen

Samfunnsplanen:

Vi støtter vedtaka frå Levekårsutvalet og PMR og foreslår dei forslaga:

Forslag fra AP /SP:

Bolig sosial arbeid. Samfunnsdel side 14: Forslag til endring av punkt E:

- Å bistå vanskelegstilte på bustadmarknaden med å skaffe og behalde passande bustader, samt styrke og rettleie kvar einskild moglegheiter for å mestre buforholdet sitt.

Punkt C første avsnitt side 14

«At 80% av nybygging og utvikling skal skje i nærleiken av sentruma» fjernast.

Nytt punkt første avsnitt side 14:

Å handheve buplikt strengt.

Punkt B side 16:

ordet «blågrøne» byttast ut med «naturgjevne».

Ny setning første av avsnitt side 20:

«For å lukkast med ein langsiktig berekraftig økonomi, må ein snu alle steinar for å sjå på muligheter for både å redusere utgifter og auke inntekter.»

Ny setning andre avsnitt side 20: «Kalde hender, som merkantile og administrative stillinger, og sakshandsaming har geografisk fleksibilitet, medan varme hender, som tenesteyting, omsorg og sikkerhet for innbyggjarane må lokalisrast nær folk.

Side 22 kulepunkt 1: Stryk «i begge sentruma.»

side 22 kulepunkt 2: Stryk «i tilknytning til sentruma»

side 22 nytt kulepunkt etter kulepunkt nr. 5:

"Ein ynskjer å tilrettelegge for lågstandard hytter bygd med minst mogleg klimaavtrykk og naturinngrep bygd i områder definert som inngrepsnær natur."

Røysting: Samrøystes.

Vedtak:

Forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn jf. plan og bygningslova § 11-14 med desse endringane:

10. Punkt C første avsnitt side 14 «At 80% av nybygging og utvikling skal skje i nærleiken av sentruma» fjernast.
11. Nytt punkt første avsnitt side 14: Å handheve buplikt strengt.
12. Punkt B side 16: ordet «blågrøne» byttast ut med «naturgjevne».
13. Ny setning første av avsnitt side 20: «For å lukkast med ein langsiktig berekraftig økonomi, må ein snu alle steinar for å sjå på muligheter for både å redusere utgifter og auke inntekter.»
14. Ny setning andre avsnitt side 20: «Kalde hender, som merkantile og administrative stillinger, og sakshandsaming har geografisk fleksibilitet, medan varme hender, som tenesteyting, omsorg og sikkerhet for innbyggjarane må lokalisrast nær folk.
15. Side 22 kulepunkt 1: Stryk «i begge sentruma.»
16. side 22 kulepunkt 2: Stryk «i tilknytning til sentruma»
17. Side 22 nytt kulepunkt etter kulepunkt nr. 5: "Ein ynskjer å tilrettelegge for lågstandard hytter bygd med minst mogleg klimaavtrykk og naturinngrep bygd i områder definert som inngrepsnær natur."

Bolig sosial arbeid. Samfunnsdel side 14: Forslag til endring av punkt E:

- Å bistå vanskelegstilte på bustadmarknaden med å skaffe og behalde passande bustader, samt styrke og rettleie kvar einskild moglegheiter for å mestre buforholdet sitt.

SAKSUTGREIING

Saksvedlegg

- 1 Kommuneplanen sin samfunnsdel 2025-2036 Høyringsforslag

Saksvedlegg som ligg på heimesida

Store saksvedlegg blir lagt under «Politikk» og «Dokument og linkar til politisk arbeid» på kommunen si nettside www.bygland.kommune.no

Til denne saka er det følgjande slike vedlegg:

Ingen

Bakgrunn for saka

Kommunestyret vedtok i møte 14.03.2024, sak 21/24 å varsle oppstart av planarbeid for revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel. Planprogrammet «Kommuneplanprogram 2024-2028» vart vedtatt i møte 19.06.2024, sak 53/24.

Bygland kommune deltar i Agder fylkeskommune si utprøving av ny samhandling om kommuneplanen sin samfunnsdel, der målet å styrke samfunnsdelen som politisk styringsverktøy og utnytte moglegheitsrommet for forenkling av kommunal planstrategi og planprogram for samfunnsdelen.

Den gjeldande samfunnsdelen for Bygland vart vedtatt i mai 2020. For å få ei betre kopling av samfunnsdelen til valperiodane og økonomi- og handlingsplanen, blir det vidare lagt opp til at samfunnsdelen blir vedtatt første året av kommunestyreperioden.

Innhaldet i planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel, dokumentet «Kommuneplanprogram 2024-2028», seier noko om retninga for ny samfunnsdel, kva for hovudføringar som gjeld for planarbeidet, viktige utviklingstrekk i samfunnet vårt og planprosessen. Dokumentet ligg på kommunen si heimeside.

Formelt grunnlag

Plan og bygningslova § 11-14.

Vurderingar og konsekvensar

Formålet til planen

Plan og bygningslova seier at kommuneplanen sin samfunnsdel skal leggjast til grunn for verksemda til kommunen og for staten og regionale mynde si verksemd i kommunen. Samfunnsdelen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilheit og kommunen som organisasjon.

Planprosessen

Planarbeidet er politisk forankra i formannskapet, medan andre råd og utval har vore involvert undervegs. Administrativt er planarbeidet forankra i kommunedirektøren si leiargruppe.

I arbeidet med samfunnsdelen har kommunestyret tatt stilling til om dei lange linene for Byglandssamfunnet skal bli vidareført eller bli endra (mål og prioriteringar), og prioritere satsingsområde for valperioden fram til 2028. Samfunnsdelen er ein overordna plan. Mange vil etterlyse tiltak i samfunnsdelen, men det er viktig å vere klar over at samfunnsdelen ikkje skal utvikle tiltak. Den skal gi retning og fastsette satsingsområde som skal gis særleg prioritet i valperioden. Meir konkrete mål og tiltak blir utvikla i temaplanar og i økonomi- og handlingsdelen.

Kommunestyret har hatt to arbeidsverkstadar i denne planprosessen. Leiargruppa har vore delaktige i begge to. I første verkstad var tema kommunen sitt utfordringsbiletet. I den andre verkstaden jobba kommunestyret med hovudsatsingar og målsettingar basert på utfordringsbiletet.

Dei tverrpolitiske diskusjonane har resultert i at samfunnsdelen legg vekt på tre hovudutfordringar i åra som kjem

- Kommunen sitt framtidige økonomiske handlingsrom er usikkert
- Den sosiale ulikskapen aukar
- Forvitra næringsliv og kompetansemangel

Desse ligg til grunn for tre satsingsområde for kommunestyreperioden

1. Eit attraktivt og robust samfunn
2. Eit meir variert næringsliv
3. Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida

Satsingsområda legg føringar for kommunen som samfunnsutviklar og tenesteprodusent.

Kommuneplanen sin handlingsdel

Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som seier korleis planen skal bli følgd opp. Handlingsdelen er slått saman med økonomiplanen. Samfunnsdelen gir difor føringar for prioriteringar i handlings- og økonomiplanen.

Satsingsområda vil bli nytta i handlingsdelen for perioden 2025-2028 sjølv om ny samfunnsdel ikkje er vedtatt. Dette er gjort med bakgrunn i den politiske forankringa i planarbeidet og ønskje om å legge arbeidet med utfordringsbiletet og mål og prioriteringar til grunn for det komande året.

Vurdering av om samfunnsutviklinga går i ønska retning blir følgd opp i årsberetning og økonomiplan, og vil bli rapportert med bakgrunn i vedtekne satsingsområde med målsettingar og prioriteringar.

Plandokumentet

Det har vore ei målsetting å forenkle plandokumentet med mål om å få eit betre styringsdokument. Plandokumentet er difor kortfatta og har fokus på utfordringsbilete og satsingsområde.

Dokument som seier meir om føringar for planarbeidet, utfordringsbilete og status for kommunen er:

- [Kunnskapsgrunnlag 2024](#)
→ Inkludert folkehelseoversikt
- [Bygland kommune sitt samla utfordringsbilete](#)
→ Basert på kunnskapsgrunnlaget og kommunalområda sine vurderingar
- [Kommuneplanprogram 2024-2028](#)
→ Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2024-2036 med planstrategi for Bygland kommune 2024-2028

Dokumenta ligg på kommunen si heimeside.

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår at forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel blir sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn. Høyringsperioden vil vere seks veker.

Bygland, 22.10.2024

Kommunedirektør